

Miljødirektoratet

15.01.26

Sunnmøre regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Fjord, Giske, Haram, Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Volda, Vestnes, Ørsta og Ålesund. Selskapet skal bidra til at kommunane på Sunnmøre jobbar saman for å styrke regionen sin attraktivitet og konkurransekraft.

Selskapet skal på vegne av deltakarkommunane vere ein aktiv pådrivar for å fremje regionen sine interesser overfor regionale, nasjonale og internasjonale mynde, og vere eit bindeledd mellom politikk, næringsliv og offentlege styringsorgan. Sunnmøre regionråd skal vektlegge partnerskap mellom kommunar og næringsliv.

STØTTE TIL SØKNAD FRÅ HAREID KOMMUNE OM NATURSATS - LOKALE TILTAK - SÅRBARE MARINE NATURTYPAR I STORFJORDSYSTEMET

Sunnmøre regionråd viser til søknad frå Hareid kommune på vegner av dei 15 medlemskommunane i Sunnmøre regionråd. Det er verdt å merke seg at alle kommunane ser på dette som eit særskilt viktig prosjekt.

I 2025 resulterte Natursats-prosjektet i regionen i rapporten «*Kartlegging av biologisk mangfald i Sunnmørsfjordane*», som blei presentert for det høgste organet i regionrådet no i desember 2025.

Det var tydeleg for regionrådet at det er eit stort behov for å styrke kunnskapsgrunnlaget for forvaltning av sjøområda. Difor støttar vi at neste steg blir eit meir praktisk prosjekt med kartlegging av sårbare marine naturtypar i regionen.

Vi vil elles merke at prosjektet er i tråd med regionsrådet sin nyleg vedtekne strategi, det styrker det interkommunale samarbeidet om forvaltning av dei felles sjøområda våre og vil også vere ei god støtte til arbeidet med kommunedelplanar for naturmangfald som fleire av medlemskommunane er i gang med.

Fjordområda er svært fiskerike, med viktige kommersielle førekomstar av både torsk, sei og andre botnfisk. Her er også bestandar av artar som sild, makrell, brisling og hestmakrell. Desse artane er viktig føde for både fisk, fugl og sjøpattedyr, i tillegg til eit tradisjonelt næringsfiske på desse bestandane.

Dette arbeidet handlar også om mange arbeidsplassar både for dei som skal utføre dette prosjektet og for dei som lever i desse fjordstrøka.

Fjordane på Sunnmøre er svært populære turistmål og legg grunnlag for den viktige reiselivsnæringa. I hovudsak er det naturen over sjøoverflata som blir formidla.

Sunnmøre regionråd støttar fullt ut søknaden frå Hareid kommune, og vi ber Miljødirektoratet innvilge den.

Med helsing

Kenneth Langvatn,
styreleiar

Sverre Øvreid Steen,
dagleg leiar